



# **Idrettslaget VETEN**

## **Årsmelding**

**2001**

# INNHALDSLISTE

## **1 INNLEIING**

1.1	GENERELT	3
1.2	STYRET	3
1.3	MEDLEMSTAL	4
1.4	MØTER OG TILSTELLINGAR	5
1.5	SÆRFORBUND	5
1.6	UTDANNING	5
1.7	ARRANGEMENT	5
1.8	ANLEGG SARBEID	5
1.9	TILLITSVALDE I ANDRE ORGAN	6

## **2 AKTIVITETAR I STYRET/ARBEIDSUTVAL**

2.1	GENERELT	7
2.2	VIKTIGE SAKER I 2001	7
2.3	HEIDERSTEIKN	8
2.4	OLE PETTER STØVE MINNEFOND	8
2.5	IL VETEN STIMULANSEPOKAL	8

## **3 ØKONOMI**

3.1	GENERELT	8
3.2	TILSKOT 2001	9
3.3	RESULTAT I DEI ULIKE GRUPPENE	9

## **4 ÅRSMELDINGAR TIL GRUPPENE**

4.1	GENERELT	10
4.2	BARNEIDRETTSGRUPPA	10
4.3	SKIGRUPPA	15
4.4	ORIENTERINGSGRUPPA	17
4.5	SNOWBOARDGRUPPA	18
4.6	TRIMGRUPPA	19
4.7	IDRETTSMERKEGRUPPA	20
4.8	RIDEGRUPPA	20

VEDLEGG 1	REKNESKAP 2001	
VEDLEGG 2	REVISJONSRAPPORT	
VEDLEGG 3	BUDSJETT 2002	
VEDLEGG 4	AKTIVITETSPLANAR	
VEDLEGG 5	RESULTATLISTER	
VEDLEGG 6	SAMARBEIDSAVTALE JR VM STRYN 2004	

# 1 INNLEIING

## 1.1 GENERELT

Denne årsmeldinga oppsummerer aktiviteten i Idrettslaget Vetten for året 2001. Åremeldinga er framlegt på årsmøtet på Vangen Aktivitetsenter 20. januar 2002.

## 1.2 STYRET

Styret/arbeidsutvalet i 2001 vart valt på årsmøte 28. januar 2001 og omfram årsmøte som vart halde 18. februar 2001. Det var problem med å finne leiar til styret.

Arbeidsutvalet:	Leiar:	Kirsti Aarøen
	Nestleiar:	Oddvin Myklebust
	Sekretær:	Ragnhild Roset
	Kasserar:	Torill Fjellvang
	Styremedlem:	Arvid Sølvberg
	Styremedlem:	Berit Takle (permisjon frå august)
	Varamedlem:	Norvald Øiestad

Økonominemnd:	Leiar:	Torill Fjellvang
	Medlem:	Oddlaug Frosterød
	Medlem:	Astrid Berglid Bakken
	Rekneskap:	Johanna Myklebust

Utdanningskontakt:		Ragnhild Roset
--------------------	--	----------------

Barneidrett:	Leiar:	Oddvin Myklebust
	Medlem:	Monica Beate Myklebust
	Medlem:	Berit Holen Nygård
	Medlem:	Rune Berglid

Skigruppa:	Leiar:	Det har ikkje vore leiar i gruppa
	Langrenn:	Ragnvald Bergset
	Hopp:	Torbjørn Bergset
	Slalom:	Alf Edvard Roset
	Skitau:	Rune Berglid
	Teknisk sjef:	Arvid Sølvberg

Holmøyskarrennet:		Ola Ødegård
-------------------	--	-------------

Snowboard:	Leiar:	Robin Berglid
	Sekretær:	Christian Holko
	Styremedlem:	Stian Fjellkårstad

Orientering:	Leiar:	Anders Bergset
	Medlem:	Ragnvald Bergset
	Medlem:	Kjell Ove Bergset

Trimgruppa:	Leiar:	Vall Teigen
	Medlem:	Berit Takle
	Medlem:	Torbjørn Bergset
	Bading:	Lars Bergset
	Fotball:	Matias Sølvberg
Ridegruppa:	Leiar:	Berit Bergset
Idrettsmerkegr.:	Leiar:	Arne M. Sølvberg
	Skrivar:	Edel Roseth
	Medlem:	Torill Fjellvang
	Medlem:	Torbjørn Fjellvang
Premienemnd/Materialforv.:		Annbjørg Myklebust
Medlem kontaktutval Stryn Idrettsråd:		Ivar Bergset
Kontakt i friidrettsgruppa Markane IL:		Jens Even Roset Audun Sølvberg
Revisor:		Jorunn Skrede Kari Sølvberg
Valnemnd:	Leiar:	Kjell Ove Bergset Matias Sølvberg Marit Blakset
Stiftelsen Vangen Aktivitetsenter:		Erik Ivar Ulvedal Torhild Steinsåker
	Vara 1:	Ola Ødegård
	Vara 2:	Ann Iren Ulvedal

### 1.3 Medlemstal

Ved utgangen av 2001, er det registrert fylgjande medlemstal som har betalt kontingent, tala i parantes er frå 2000.

- Under 17 år	81	(90)
- Over 17 år	155	(162)
- Totalt	236	(252)

Det er ein liten nedgang i medlemstal frå 2000.  
Litt av grunnen er ubetalte medlemskongingar.

## **1.4 Møter og tilstellingar i 2001**

- 2 årsmøte
- 8 styremøte
- 1 årsfest/basar
- 2 møter Stryn Idrettsråd
- 1 framtidskveld skigruppa
- 1 framtidskveld orienteringsgruppa
- 2 framtidskveldar Stryn Idrettsråd

Utan om dei ordinære møta, har det vore ein del planleggingsmøter. Då kan ein spesielt nemne møter i samband med planlegging av JR VM i 2004, der to møter var med Norges Skiforbund.

Det har også vore nokre møter med Vangen Aktivitetsenter angående anleggsarbeidet i Bjørkelibakken.

Talet på saker som er handsama i 2001 er 61.

## **1.5 Særforbund**

Idrettslaget er medlem i følgjande forbund

- Norges Skiforbund
- Norges Orienteringsforbund
- Norges Fotballforbund

## **1.6 Utdanning**

Viser til årsmeldingane frå dei enkelte gruppene.

## **1.7 Arrangement**

Det har ikkje vore større arrangement i Bjørkelibakken i 2001, grunna anleggsarbeid i bakken. No i vinter 2002, er det planlagt ein Norgescup-finale i hopp 23.mars. Elles viser ein til årsmeldingane frå dei enkelte gruppene.

## **1.8 Anleggsarbeid**

### **Lysløypa og turløypetraseane:**

Det har i 2001 vore gjort ein god del utbetrings- og vedlikehaldsarbeid med lysløypetraseen og turløypetraseen ut mot Sølvbergstøyle. Arbeidet har bestått i utjamning av traseane, slik at løypene kan køyrast opp med lite snø. Idrettslaget har også kjøpt inn mykje rør som er lagt ned i hovudsak på "stadion" vest for Klubbhuset og elles i løypetraseane der det trengst. Alle røra som vart innkjøpt er ikkje lagt ned, så

dette arbeidet er ikkje avslutta enno. Brua over elva ut mot Sølvbergstøylen er utbetra. Det er lagt ned eit ekstra element, så den er brei nok til trakkemaskina.

Løypenettet til idrettslaget fekk FIS-godkjenning i haust.

### **Bjørkelibakkane:**

I sommar og haust har det vore eit aktivt år på anleggsida i hoppbakkane. K-90 bakken er for det meste klar, K-40 og K-25 manglar litt på tilløpet men er klar til bruk, K-15 er ferdig. Det som manglar er ferdigstilling av K-70, som må gjerast til våren. Elles er det "fin-pussen" som gjenstår i hoppbakkane.

### **Skitauet:**

Det har ikkje vore gjort større ting med det eksisterande skitauet vest for Klubbhuset. Men det er planlagt eit nytt, litt mindre aust for K- 40 bakken. Dette trekket blir sett opp til bruk for hopparane under trening og renn.

### **Ridebana:**

Sjå årsmelding frå Ridegruppa.

### **Ullbergbakken:**

Bakken vart nedriven i 2000. Det som er gjordt i sommar var bålrensing av treverket, opprydding og oppsetting av gjerde. Det er sett opp ei avtale med grunneigarane, der Idrettslaget Vetten har avslutta sitt engasjement i den tidlegare Ullbergbakken.

## **1.9 Tillitsvalde i andre organ:**

- Stryn Idrettsråd, Ivar Bergset
- Ung SIR Monica Beate Myklebust
  
- Organisasjonskomiteen til JR VM STRYN 2004  
Organisasjonssekretær: Åse Skjølberg Myklebust  
Nestleiar: Ivar Bergset  
Rennleiar hopp: Ola Ødegård  
Leiar sal/service: Nils Sølvberg  
Leiar trafikk: Tor Åge Berglid  
Leiar marked: Per Vidar Roset
  
- O-krisen: Ivar Bergset

## 2. **AKTIVITETEN I STYRET/ARBEIDSUTVAL**

### 2.1 **Generelt**

Arbeidet til styret i 2001 har vore mykje om økonomi og anleggsarbeid. Det er naturleg då det er gruppearane som har ansvaret for idretts-aktivitetane, og styret for tilrettelegging. No då vi ser slutten på ein stor anleggsperiode, er det eit ønske frå styret å kunne engasjere seg meir i den idrettslege aktiviteten som skjer i laget. Elles har det vore mykje arbeid med planlegging av JR VM STRYN 2004.

### 2.2 **Viktige saker i 2001**

#### **Junior Verdensmeisterskap i Stryn 2004**

Junior VM STRYN 2004 har vore den største og mest tidkrevande saka styret har arbeidd med, utan om den ordinære drifta av laget. Arbeidet som har vore i samarbeid med Markane og Hardbagg, har vore å få på plass ein organisasjonskomite. Det vart verre enn vi trudde å få på plass nøkkelpersonane, men vi trur vi har lukkast bra i arbeidet. Organisasjonskomiteen er no på plass og er komen godt i gang med planleggingsarbeidet. Det lettar styret i idrettslaget for mykje arbeid.

#### **Samarbeidsavtale IL VETEN, Hardbegg IL og Markene IL.**

Det er forhandla fram ei samarbeidsavtale med Markane og Hardbagg ang. JR VM STRYN 2004. Kort sagt er fordelinga av overskotet mellom laga lik. Det er eit punkt at Hardbagg skal vere sikra 15.000,- for dugnadsinnsatsen, dvs at Vetten og Markane får 7.500,- mindre enn Hardbagg. Dette på grunn av at anleggsleiga av anlegga er med som eigen post i rekneskapet. Sjå vedlegg 6.

#### **Utleige av hoppstyr.**

Ordninga med utleige av hoppstyr er sett igang. Idrettslaget har kjøpt inn hoppski m/binding, hoppsko og hoppdressar til utleige. Idrettslaget har kjøpt inn utstyr for ca. 25.000,-. Utleigeordninga gjeld for born i alderen 9-12 år, og det blir betalt ei årsleige på 15% av kjøpesummen. Intensjonen er at leiga skal bekke behovet for supplering av hoppstyr når det trengst.

#### **Startkontigent/reisekostnader.**

Startkontingent til renn/arrangement blir dekkja av idrettslaget for alle under 20 år. Reisekostnader til renn/arrangement utanfor Nordfjord regionen, blir dekkja med halve statens-satsar.

#### **Ballbinge/ball-bane.**

Styret arbeider for å få ein Ballbinge/ball-bane i nærområdet rundt Sagehaugen-feltet. Dette er enno på planleggingsstadiet.

#### **Nytt skitau.**

Oppsetting av nytt skitau aust for K-40 bakken. Det viser seg under trening i hoppbakkane at det er trong for eit trekk tilpassa hopparane. Det eksisterande trekket er "feil" plassert for å dekke behovet under treningane. Derfor har idrettslaget kjøpt eit

tilsvarende tautrekk som vi har, men der lengda på trekket blir mindre. Arbeidet med dette som er gjort i 2001 er teknisk godkjenning, rydding av skog, oppsetting av pålar og det er laga ei tilleggsavtale med grunneigar Ivar Bergset på leige av grunn. Kostnaden på ferdig anlegg er berekna til ca. 6000,-

## **2.3 HEIDERSTEIKN**

Oddvin Myklebust er frå Sogn og Fjordane Fotballkrets tildelt krinsen sin "Blå Diplom".

Krava for å få den er arbeid på klubbnivå som trenar eller oppmann i minimum 8 år. Dette er krav som Oddvin har oppfylt.

## **2.4 OLE PETTER STØVE MINNEFOND**

Idrettslaget har fått ansvaret for å dele ut ein pris frå eit minnefond etter Ole Petter Støve. Prisen skal delast ut til ein person/organisasjon som har nedlagt eit stort dugnadsarbeid for Vangen Aktivitetsenter. Denne prisen blei delt ut for første gong i 2001. Den som fekk prisen for 2001, var etter gjevarane sitt ønskje Arvid Sølvberg.

## **2.5 "IL VETEN STIMULANSEPOKAL"**

Det har tidlegare vore utdelt ein Vangepokal til ungdomar som har vist eit spesielt tallent innan sin idrett. Denne er no gått ut, så styret i idrettslaget har oppretta ein ny pokal "IL Vetten Stimulansepokal".

Denne pokalen blei i 2001 utdelt for fyste gong. Det var fire ungdomar som styret såg som gode vinnarar av denne pokalen. Det var Pål Holko i fotball, Marianne Roset, Knut Helge Bergset og Rune Myklebust i langrenn. Alle fire har vist eit stort tallent og treningsvilje, og alle kan vise til gode resultat på resultatlistene.

# **3 ØKONOMI**

## **3.1 GENERELT**

Idrettslaget har eit positivt resultat på kr. 57 281,94. Det er i seg sjølv eit godt resultat, men det er ikkje heilt relevant. Dei ordinære inntektene viser ein liten nedgang frå 2000 på ca 6 000,-. Dette tilsvarar nedgangen i kulturmidlane. Ekstra ordinære inntekter som er overskotet på JR NM, viser 64 436,55. Dei er nytta til utbetring av løypenettet, der kostnadane kom opp i 67 592,-.

Elles på kostnadsida, hadde budsjettet for 2001 med ein del investeringar som ikkje er med i resultatet. Blant anna lys på ridebana, trimapperat til trimrommet og rampe til snowboardgruppa. Hadde desse kostnadane vore med, hadde resultatet gått i 0,-. Ein del av desse investeringane finn ein igjen i budsjettet for 2002.



### 3.2 TILSKOT 2001

Største inntektskjelda til idrettslaget er tilskot frå fylke og kommune. Det er derfor svært viktig at styret prioriterer dette arbeidet. Her er eit kort samandrag av tilskota i 2001.

Fylkesanleggsmidlar for fylkesanlegg i Bjørkelibakken:

Fylkeskommunen	36 270
Stryn kommune	<u>36 270</u>
Til saman	<u>72 540</u>

Stryn kommune kulturmidlar: 34 800,-  
Ein medgang på ca 7 000,- frå 2000

Gåvetildeling Sparebanken Sogn og Fjordane: 8 000,-  
Lotteritilskot, Sogn og Fj. Idr.k.: 10 258,13

Idrettslaget sin del av inntekter frå speleautomatar.

Norges idrettsforbund og Olympiske komite: 17 000,-  
Dette er midlar som er delt ut gjennom Stryn Idrettsråd, som skal gå til barne- og ungdomsaktivitetane i laget. Brukt til å kjøpe inn hoppstyr.

Sogn og Fjordane Skikrins: 8 000,-  
Barnas- og ungdomens skistipend.

### 3.3 RESULTAT I DEI ULIKE GRUPPENE

Eit kort samandrag av resultatet i dei ulike gruppene:

Trimgruppa	710,50
Skigruppa	-104 539,50
Orienteringsgruppa	- 3 486,80
Idrettsmerkegruppa	0,00
Barneidretten	1 988,10
Snowboardgruppa	- 2 581,52
Ridegruppa	3 675,00
Hovudgruppa	83 895,03
Finans	13184,58
Overskot JR NM	64 436,55

For fleire detaljar, sjå velegg i rekneskapet.

## 4 ÅRSMELDINGAR

### 4.1 GENERELT

Det har vore ein stor aktivitet i dei flest gruppene i året som gjekk. Styret har mottatt årsmeldingar frå fylgjande grupper:

Barneidrett  
Ski  
Snowboord  
Trim  
Idrettsmerke  
Ridegruppa  
Orientering

Den største aktiviteten er i aldersgruppa 5 - 13 år. Dette er naturleg då satsingsområdet til idrettslaget er born i den aldersgruppa. Styret vil i åra framover arbeide for å få til eit betre tilbod også for ungdom og vaksne.

### 4.2 BARNEIDRETTSGRUPPA

Det har i 2001 vore arbeidt med tre tilbod innan denne gruppa :

1. Fotball aldersbestemte klassar
2. Barneidrettsskule 5 år og oppover utan aldersgrense.
3. Andre aktivitetar.

#### FOTBALL ALDERSBESTEMTE KLASSAR.

##### **Gruppe-inndeling:**

Vi har delt inn i 2 grupper på trening.

Gruppe 1: 5 -9 år i 01                      Gruppe 2: 10-14 år i 01

##### **Samarbeid med andre lag:**

Samarbeidet med Hardbagg fungerer godt. Vi har også samarbeidd litt med Stryn på inandørs Totalt 17 spelarar frå Harbagg IL og 30 frå IL Vetten har vore med.

##### **Laginndeling :**

Vi har hatt 5 lag :      Knøttelag,      5-8 i 01              (12 stk. H=6/V=6 | J=3/G=9)  
                                 Miniputtlag,      9 -10 år i 01      (14 stk. H=3/V=11 | J=4/G=10)  
                                 Lillegutt-89,      12 – 13 år i 01              ( 10 stk. H=4/V=6 | J=4/G=6)  
                                 Smågutt 11-ar,      13-14 år i 01      ( 18 stk. H=5/V=13 | J=3/G=15)  
                                 Av desse 6 stk. som også spelte på lg.89

Totalt deltok 47 ungar på tiltaket. (H= Hardbagg, V= Vetten, J= Jenter, G= Gutar)

##### **Deltaking :**

Alle laga har delteke fullt ut i serie- og turneringsspel for det meste organisert av S. & Fj. Fotballkrets. Knøttelag og miniputtlag har delteke på 4 turneringar i Nordfjordregionen.

Lilleguttlaget har spelt 12 seriekampar (dobbel serie) og smågutetlaget har spelt 16 seriekampar (vår- og haustserie). Begge laga har delteke på Grodås Cup – Hornindal. I tillegg stilte vi 1 smågutelag og 1 gutelag i innandørs KM. På Norway Cup var det eit samansatt lag frå 89 til 87 spelarar (dispensasjon for 1 86 spelar).

### **Resultat/grunnlag :**

Knøttelaget har hatt mange fine turneringar og har fått prøve litt av alle 3 resultatata. Også i år har det kome til ein del nye, men til neste år må det kome til fleire, då halvparten går over til Miniputt til neste år.

Miniputtlaget har hatt ein god sesong. Fleire gode spelarar i begge aldersklassane. Vil verte eit spanande lag når dei til neste år skal spele som lillegutar i serie. Laget får også bra rekruttering til neste år.

Lillegutt-89 har vunne alle sine kampar siste året med unntak av 1 kamp der dei spelte uavgjort. Dei vann si pulje!

Smågutt (11-ar). Det har vore vanskar med spelarstallen. Vi har vore avhengig av at fleire lillegutt spelarar har stillt opp for å få nok spelarar. Dette sleit ein god del i haust.

Resultata varierte veldig med motivasjon og innsats. Dette prega diverre laget. Også overgang til 11-ar og store baner var til tider vanskelig. Det vart siste plass i serien, og i innandørs KM rauk vi ut i innleiande rundar.

Samansett lag 89 og 87. Det var dette laget som kom til kvartfinale i Norway Cup. Ein fantastisk fin og positiv gjeng på 11 spelarar som stod på fullt ut og var eksemplariske ei heil veke til endes. Som lagleiarar fekk vi positive tilbakemeldingar at vi hadde med eit teknisk godt lag.

Gutelag. Innandørs KM. Der rauk vi diverre ut i innleiande etter fleire gode kampar som med litt meir hell kunne gått vår veg.

### **Trening :**

Gr. 1 (5-9 år) har trent på skuleplassen i Blakset. Gr. 2 (10-14 år) har trent på Ålandsleitet, Alle har hatt trening 1 gong i veka. Dei eldste har enkelte veker hatt 2 treningar. Det var sett opp køyrelister til alle treningar og kampar – dette fungerer godt.

### **Merketaking :**

Også i år vart det lagt ned ein stor innsats i samband med merketaking : Men krava vart for vanskelege for dei fleste, då vi prøvde oss på eit merke som låg ca. 1 år for tidleg i høve til alder. Men det vart teke 1 blått og 1 bronsemerke.

### **Vidare spelarutvikling:**

Pål Holko, Petter Hammer og Magnus Brendehaug har spelt for Stryn sitt gutelag. Monica Beate Myklebust og Katrin Aaland har spelt på Stryn sitt damelag. Vegar Ola Blakset Har spelt på Stryn sitt juniorlag. Pål Holko har spelt på S & Fj. sitt kretslag og var også med på regionssamling i Bergen.

### **Leiarar :**

Trenarar : Knøtte- og Miniputtlag : Monica Beate Myklebust

: Lillegutt 89/ Smågutt 11-ar : Oddvin Myklebust/Vegar Ola Blakset  
:  
Oppmenn : Knøtte- og Miniputtlag : Thorolf Aarøen  
: Lillegutt 89 : Leif Rand jr.  
: Smågutt 11-ar : Olav Stølen

**Utstyr** : 1 nytt sett fotballar, nye vestar og div. forbruksmateriell som hjelpesaker.  
Lagsgensarar til spelarane og jakker til foreldre, med logoen Vetten – Hardbagg  
Fotball. Sponsorar var: Nordtek, Olav Erik Hagen, Nordplan, Stryn Elektro og  
Stryn Energi. I tillegg var der litt eigenandel.  
For årsmeldinga 2000 vart det utegløymt at vi fekk 2 nye draktsett som var  
spona av Nordtek og Olav Erik Hagen Dykkerfirma.

**Inntektskjelder** : Kakeletteri generelt til barnefotballen og loddbok og nedvasking av 5  
leiligheiter i samband m. Norway Cup.

### **Premiering :**

Alle som er medlemar i IL Vetten fekk premieskjold utdelt på årsfesten. Foreløpig er det kun  
utdelt skjold til spelarar og laget som vinnar av si pulje i Norway Cup. Det skal avhaldast  
premierfest der det skal utdelast diplom med bilete både frå Norway Cup og serie- og  
turneringsspel. Det vil også verte hengt opp bilete på klubbhusa.  
I klassen lillegutt, fekk vi vandrepokalen for Grodås Cup til odel og eige, då det for framtida  
ikkje skal kårast vinar i denne klassen og vi vann den fyrste året.

### **Oppslutning:**

Jamt godt oppmøte og god disiplin på treningane i alle gruppene. Publikumsoppmøte på  
heimekampane varierer. Bra foreldreoppmøte på turneringane for alle klassane. God foreldre-  
deltaking Norway Cup – totalt 9 stk. Foreldrene er flinke til å følge opp køyrelistene.

### **Satsingsområde:**

For å få kontinuitet i å ”drive” barnefotballen framover, er det heilt nødvendig at ein eller  
fleire foreldre med ungar i dei komande årsklassane tek dette ansvaret. I denne samanheng er  
det viktig å få fleire til å ta aktivitetsledar-, trenar- og kampleiar kurs!!

Barnekulla vert litt mindre framover – dette kan føre til at det for enkelte årsklassar vert  
vanskeleg å stille lag. Prøve å få til 11-ar lag i smågutteklassen for sesongen 2002.

Klare å halde god kvaliteten på treningane - ro/orden, teknikk og speleforståelse.. Helst vere 2  
trenarar på dei eldste årsklassane. Halde fram arbeidet med dugleiks- og ferdigheitsmerke,

### **Møter/sosialt samver:**

Møte for å klarlegge sesongen samt sommarturneringar mellom trenarar og oppmenn. Også  
forledremøte om same tema. Ved sommar- og haustavslutninga hadde knøtte- og  
miniputtlaget ei lita markering med is og brus v. Blakset Smågutt- og lillegutt hadde  
avslutning på Ålandsleitet i samband med siste høstkamp.

Det sosiale samveret på Norway Cup var flott; god stemning og samhald mellom spelarane,  
leiarane og foreldra. Litt av det sosiale som vi fekk med oss var : Opnings-show, Tivoli,  
Peppes pizza, Imax 2000, Fotballkamp på Ullevåll Tusenfryd, Frogner Badet, Ingjer Strand  
m.m.

Ikkje minst den flotte velkomsten vi fekk når vi kom heim, vart sett stor pris på.

Her hadde foreldre/besteforeldre ordna med velkomstkomitè, pizza, brus og ikkje minst  
bollane til Olaug. Til og med rektoren var på plass!

Dette er ein tur som vil sitte i minnet på spelarane (og andre) som ei svært positiv idrettsoppleving!

## **IDRETTSSKULEN:**

### **Semesteret 00/01:**

For generelle opplysningar om dette semesteret viser ein til årsmeldinga for 2000.

#### **Avsluttning:**

Semesteret 00/01 vart avslutta med kaker, brus og kaffi for ungar og foreldre på Aktivitetssenteret 27/3. Å avslutte så tidleg fungerer langt betre i høve til dei andre aktivitetane som vert oppstarta på våren. På Idrettslagsbasaren fekk alle deltakarane utdelt det generelle premie- skjoldet.

#### **Økonomi:**

Foreldrebetaling: Jamf. generelt laget sin økonomiske gjennomgang.

Utstyr : Ingen innkjøp.

Leiarutvikling: Rune Berglid var på 2 dagars kurs i samband med ”Idrettens Grunnstige” i Førde.

#### **Møter:**

1 oppstartsmøte for styret i barneidrettsgruppa, samt fleire koordineringsmøter. Ingen foreldremøter, men vi har hatt eit par kveldar med sosialt samvær m. brus/saft og kaker.

Felles framtidskveld ilag med Hardbagg IL der Anders Felde i frå skikrinsen sette fokus på lagsarbeidet. Dette har resultert i tettare samarbeid mellom laga også på vinteridrett.

### **Semesteret 01/02:**

#### **Barneidrettsgruppa :**

Leiar - Oddvin Myklebust, hovedansvar for organisering - Berit Holen Nygård. Monica Beate Myklebust og Rune Berglid har vore gode og aktive medlemmar og har ansvaret for fleire aktivitetar. Særskilt Monica Beate spelar ein aktiv og viktig rolle. I samband med siste året på Stryn v.g. skule idrettslinja, skal ho utføre ein del timar ute i eit aktivt lag.

**Gruppe-inndeling:** Gruppe 1: 5 - 8 år i 01, Gruppe 2: 9 – og oppover år i 01

**Tidsplan:** Oppstart 15.10.01, avslutting 19.03.02.

Kvart tilbod varer i ca 4 timar fordelt over 4 ganger, for det meste tysdagane.

**Påmelde:** 30 stk.

**Kursavgift:** 1 barn kr 250,-      2 barn kr 350,-      3 barn kr 400,-

**Foreldrebetaling:** Er ikkje utrekna enno.

**Aktivitetar:** Sjå eige vedlegg

**Utstyr:** Evt. trampett og tjukkasmatte ilag med skulen.

**Leiarutvikling:** Berit H. Nygård var på kurs i Stryn vedk. aktivitetar til bruk i IS.

Berit og Oddvin var på seminar i Førde vedk. motorisk trening av barn.  
John Kåre Blakset og Oddvin Myklebust var på 2 dagars kurs på  
Idrettsenteret i Sogndal vedk. trening av ungdom.

### **Generelt:**

Før oppstart vart det diskutert inngåande alternative måtar å legge opp Idrettsskulen på, og om den har utspelt si rolle i høve til at vi har fått fleire treningar haust- og vinterhalvåret også for dei yngste. Men konklusjonen vart allikavel at IS har vore sterkt medvirkande til at vi har det idrettsmiljøet vi har og til dei resultatane ein etter kvart har oppnådd. Ein ser også at det framleis er mange som ikkje deltek i dei spesialorganiserte treningane, spesielt jenter .

Men ein er opne for nye idear for måten å drive dette på.

Ei viktig oppgave for ein idrettsskule, er å gi ungane ein allsidig kroppsbeherskelse. Vi har difor valt å fylgje opplegget til Noregs Gymnastikkforbund: "Idrettens Grunnstige". Kort fortalt er dette god "gamaldags" gymnastikk i ei litt meir moderne form. Dette opplegget vil vi køyre både i år og til neste år ilag med Nordsida skule.

## **ANDRE AKTIVITETAR .**

### **Stafettar:**

#### *Olden Stafetten*

Gutestafetten

lag 2 (14. plass): Christian Holko, Åsmund Øiestad, Endre Bergset, Knut Helge Bergset og Torgeir Aarøen.

Lag 1 (16. plass): Andreas Blø Sølvberg, Rune Myklebust, Åsmund Ulvedal, Jørgen Marius Hopland og Øystein Kristiansen.

#### *Hornindal Stafetten*

Vi stilte lag ilag med Hardbagg:

Det vart sisteplass, men allikavel sporty innsats. : Åse Berit Nytnun, Katrine Tvinnereim, Silje Elin Skrede, Hilde Karoline Roset, Therese Nygård, Iselin Myklebust, Amalie Røyseth Fjell.

### **Kjeringi Open – Fjelltelemark på Leikanger:**

I tillegg til seniorlag, stilte vi i år også med lag i klasse open junior: Vetem Young Boys.

Telemark; Rune Myklebust, Langrenn; Knut Helge Bergset, Springing; Øystein Kristiansen, Sykling; Kato Stølen. Det vart ein flott 5. plass av totalt 10 lag.

I tillegg gjennomførde Rune alle etappane – superkjering i klasse junior gutar.

Monica Beate Myklebust gjennomførde som superkjering for 3. gang.

Ulvedal 18.01.02

Oddvin Myklebust

Leiar barneidrettsgruppa.

Vedlegg : Aktivitetsplan Idrettsskulen 01/02, tabellar, oversikt deltakarar og plassering arrangement IL Vetem

## 4.3 SKIGRUPPA

# ÅRSMELDING LANGRENNSGRUPPA

Leiar langrenn: Ragnvald Bergset

Møte: 2 møter for å planlegge treningssamarbeid med Hardbagg.  
Møte for å planlegge aktiviteten i sesongen.  
Fagmøte langrenn på Skei  
Seminar på Skei om NSF sin organisasjon

Instruksjon/trening:

Hardbagg og Vetten har hatt fellestrening 1 dag for veka for aldersgruppa 12 - 15 år. Vi byrja i oktober med barmarkstrening. Har hatt trening på snø sidan fyrste helg i november. Desse treningane har fungert fint, med stort sett godt framferte. Det har vore to trenarar på kvar trening. Trenarane har vore: Leiv Tvinnereim, Alfred Tytingvåg, Roy Aron Myklebust og Ragnvald Bergset.

Arrangement:

4 cuprenn i langrenn med 8, 22, 16 og 7 deltakarar. Rennet med flest deltakarar, var også lagsmeisterskap.  
Holmøyskar-rennet skulle ha kome i mål på Vangen Aktivitetsenter, men på grunn av vanskelege snøforhold vart rennet flytta til Ullsheim.

Deltaking på konkurransar:

Det har vore bra deltaking av dei yngste på kretsrenn og stafettar, med mange fine plasseringar. Her må vi følgje opp og få med endå fleire.

Diverse:

Det gjekk lenge før vi fekk ta i bruk lysløypa på grunn av lite snø. Vi fekk trenast i dyrkingsvegen i Sølvbergsmyrane. Når snøen endeleg kom, vart det fine forhold både i lysløypa og turtraseane til Nosa-kleiva og Rosetstøylen.

I haust vart det utført mykje planeringsarbeid i løypetraseane, slik at dei no kan brukast sjølv ved lite snø.

Vil i år også få takke dei som syter for god preparering av løypenettet.

For langrennsgruppa

Ragnvald Bergset

# Årsmelding 2001

## Hoppgruppa

Det har vore eit aktivt år i hoppgruppa i laget, med faste treningsdagar og renn deltaking. På grunn av snømangel var det barmarkstrening i gym. salen på skulen fram til jul. Då kom snøen og ein fekk starte trening i bakkane på Vangen.

Det var fast trening kvar tysdag og nokre trenar også fredag og søndag dersom det ikkje var renn.

Jon Kåre Blakset er fast trenar for hoppgruppa og gjer ein god jobb for denne idretten.

I år var det bra stabilt vær, stort sett opphald og med faste gode bakkar. Takka vere trakkemaskina kan vi få mjuka opp altfor harde og sporete bakkar som er viktig for trygg hopping. I alt fem bakkar var i bruk 5m , 10m , 15m , 20m og alle frå dei minste til dei største i laget fekk hoppe i godt prepparerte bakkar.

Nokre hopparar reiste til Liabygda på trening ein søndag. Dei fekk mange hopp på kort tid fordi dei der hadde trekk som kunne brukast på alle bakkane.

Laget kjøpte inn 6 hoppski , sko og 2 hoppdressar for utleige til dei som ville prøve på hopping. Utstyret kan leigast til dei har bestemt seg for om dei vil drive med denne idretten og vil kjøpe utstyr sjølv.

Det vart ikkje arrangert renn i den store bakken i år, men det vart arrangert to renn i dei små bakkane. Eit krinsrenn i kombinert og lagsrennet. Etter terminlista skulle vi arrangere eit kombinertrenn i mars men dette vart avlyst av krinsen på grunn av kollisjon med eit anna renn i Sogn.

Krinsrennet laurdag 24.02.01 samla i alt 30 deltakarar til hopp og 18 til langrenn, dei fleste frå Vetem

Det var elles deltakarar frå Hornindal , Stryn , Stordal og Herd IL. Det kom ikkje deltakarar frå Sogn og Sunnfjord sjølv om vi sende skrifteleg innbyding til dei aktuelle laga.

Nokre av våre hopparar deltok på to renn i Liabygda og fekk måle seg mot Sunnmøringar.

Det gav meirsmak og kan vere aktuelt også komande år.

KM i Hopp/ kombinert vart i år arrangert i Hornindal og Vetem hadde god deltaking og gode resultat.

Rennet vart bestemt flytta frå Førde til Hornindal seint laurdag kveld og var tenkt som eit reint hopprenn.

Dette vart ikkje godteke av Vetem og Vik sine deltakarar og dei måtte arrangere langrenn i løypene til Honndalsrennet som gjekk same dag. Deltakarane fekk berre premiar for hopp, kombinert premiane skulle Førde / Gaular ordne med , men ingen har sett noko til dei.

Hoppesongen vart avslutta etter lagsrennet i Påska. Det vart starta opp att med barmarkstrening i gym. salen etter haustferien og fram til jul og litt hopping i julehelga.

Skikrinsen arrangerte ei barmarksamling i Strynehallen 27 og 28 okt. Der var 7 deltakarar frå Vetem.

Det var også ei fagsamling med 3 vaksne deltakarar.

Laget har mange interesserte og aktive hopparar som vi må støtte så godt vi kan slik at vi snart får sjå hopparar frå Vetem i fin V-stil i 90 m bakken.

**Anlegg:** Vangen Aktivitetssenter starta opp arbeidet med å gjere ferdige bakkane i haust og 40 m og 25 m vert bruksklare til sesongen 2002. Det er også planlagt eit skitrekk ( skitau ) i samband med 40 m bakken. Dette vert til stor hjelp for effektiv trening.

Ein ny sesong står for døra med nye konkuransar og utfordringar i hoppbakken.

Lukke til !

Helsing            Torbjørn Bergset  
                         - hoppgruppa-



# Årsmelding for slalomgruppa i IL VETEN

Det har ikkje vore store aktiviteten i slalomgruppa i 2001 på heimebane. Vi har arrangert det årlege lagsrennet på Lyhamrane, ovanfor Bergsetstøylen, med som vanleg stort oppmøte. Det var med heile 28 deltakarar med stort og smått. Vi burde hatt meir aktivitet i slalomgruppa utanom dei tradisjonelle cup/lagsrenna. Det er ein del flinke utøvarar som skulle hatt eit jamnare treningsmiljø, for å få meir trening og få rekruttert nye utøvarar.

Dei som ha hevda seg godt på renn i år er: Geir Olav Roset, Fredrik Hagen, Birte Holko, Isak Bergset, Sigbjørn Hagen og Dorid Holko, blant fleire.  
Vi må neste år få til meir trening for alpint.

Formann i alpint Alf Edvard Roset.

## NAKKJEN NED

Telemarksrennet som er arrangert på Skjærtorsdag i påska, var også i år arrangert. Det var stort sett det same deltakartalet som tidlegare år. Det var konkurrert i trimklasse, konkurranseklasse med høg sko, konkurranseklasse lav sko og snowboard klasse.

### 4.4 ORIENTERINGSGRUPPA

## ÅRSMELDING O-GRUPPA 2001

Styret: Anders Bergset (leiar)  
Kjell Ove Bergset  
Ragnvald Bergset  
Styremøte: 1.stk

Arrangement: K-løp/Nær o-løp (4stk)	tot.117 deltakarar
O-troll leir	21 deltakarar
Tur orientering	15 deltakarar

Deltakarar andre arr.	
Sunnfjordorienteringa (førde)	13 deltakarar
Rotekoppen(Breimsbygda)	6 deltakarar
Km kort (markane)	10 deltakarar

O-GRUPPA  
Anders Bergset

## 4.5 SNOWBOARDGRUPPA

### ÅRSMELDING 2001 SNOWBOARDKLUBBEN

Dette året (2001) hjalp vi til med å rydde løypa på venstre sida av skitauet. Vi har spurt om det kan lagast ein bigjump i forbindelse med utbygginga av hoppbakkanae, men den er ikkje laga.

På fredagane har vi hatt øvingar på Vangen Aktivitetssenter, der vi hadde kiosk for å tene pengar.

Vi har også selt 200 skrapelodd frå skiforbundet, og vi har hatt kakelotteri. I vinter hadde vi eit to dagers snowboardkurs i skitrekket i Stryn, der var tre instruktørar og kurset var gratis. Likevel var det berre tre som var med på kurset. -Robin, Øystein og Amalie.

På Berglidbøen har vi hatt to snowboard konkurransar med premiering. Vi kjøpte inn premiar som vi skulle ha til ein konkurranse i påska, dessverre var det så lite snø at det blei avlyst. Vi prøver å lage til ein konkurranse i år, den blir kanskje i Strynetrekket.

I sommar leigde vi ut skateboarda og rulleskøytene våre til private som ville prøve, i tillegg til skatedag på Bergsetbrua med kiosk. Vi har ikkje gjort noko meir for å bygge skateboardrampe for vi har ikkje nok pengar og vi har heller ikkje nokon plass å bygge den.

Denne sesongen vert treningane lagt til Stryn på laurdagane, sidan Strynetrekket er stengt på fredagane. Alpingruppa i Stryn vil prøve å lage til aktivitetar for dei som står på Snowboard, så vi reiser kanskje inn der og blir med på desse. Dersom Vangen Skitau vert åpna i år vil vi prøve å få til aktivitetar der også.

Vi er ca 10 faste medlemmar i aldren 12-13 år, men ennå fleire ungdommar har utstyr og er av og til med på aktivitetene.

Det er behov for smørje / prepareringsutstyr og bord / stativ for brett.

Robin Berglid

*Robin Berglid*  
Formann Snowboardgruppa

## 4.6 TRIMGRUPPA

### Bading i Symjehallen i Stryn

Ansvarleg: Lars Bergset

Badevakter: Anita Blø Sølvberg, Torbjørn Teigen og Arvid Sølvberg.

Vi har altså 3 badevakter som byter på jobben, og det fungerer godt. Dei gjekk kurs tidleg i haust så dei er godt kvalifiserte. Badinga starta i år opp 4. oktober, og har som tidlagare år vore torsdagar frå 19.30 - 20.30. Tilsaman for 11 kveldar er det selt 114 til vaksne og 274 barnebilletter. Dette gjev fylgjande inntekter:

114 vaksne à kr 20	kr. 2280
274 barn à kr 10	<u>kr. 2740</u>
Tilsaman	<u>kr. 5020</u>

Leigeprisen er no auka med 100% til kr. 300,- pr.time, som då gjev ei utgift på kr. 3300,-. Dermed får laget ei netto inntekt kr. 1720,-.

### Fjelltrimmen

Ansvarleg: Lars Bergset

Det har vore rekordbesøk på fjelltoppane "våre" i 2001, heile 1543 besøk mot 1060 i 2000. Tala er slik of 2001, med tala for 2000 i parantes.

Holmøyskaregga	70	(53)
Glitregga	80	(88)
Heida	297	(111)
Blåegga	326	(193)
Bergsetnakken	770	(615)

Årets fjelltrimmar vart Ragnvald Bergset med heile 1362 poeng, som er høgaste poengsum som er oppnådd sidan fjelltrimmen starta. Kan opplyse om at han var 46 turar på Bergsetnakken og 50 turar på Heida, fantastisk!

Ragnvald har no to napp i vandreskjoldet, det same har Anders Bergset. Idar Holen og Kjell Roset har eit napp kvar. Kan så opplyse om at det frå i år vert sett opp eit vandreskjold for damer.

Trimgruppa avslutta sesongen med den årvisse romjulsmarsjen 5. juledag. Det vart mykje røyk og lite varme av fire sekkar ved. 27 folk og hynden hass Ivar tok turen Rabben rundt, og all gløggen vart oppdrokkjen.

Tysdag og torsdag er det trimtur. Turen startar på Ulvedal, og du går så langt du vil (utover eller innover).

Orientering frå trimgruppa vil du finne på oppslegne plakatar rundt om i bygda.

Berit, Vall og Lars

05.01.02

Trimgruppa har også i år hatt eit fotballag med på Von-cup. Det har vore treningar på skuleplassen ved skulen og på krøllgrasbana i Stryn. Laget har ikkje hatt lagsdrakter, men i år sponsa Nordtek og Olav Erik Hagen i eit draktsett også til dei vaksne.

## 4.7 IDRETTSMERKEGRUPPA

# Årsmelding for Idrettsmerkegruppaa i Vetten 2001

### Tillitsvalde:

Arne M Sølvberg, leiar  
Edel Roseth, sekretær  
Torill Fjellvang  
Torbjørn Fjellvang

### Idrettsmerkeprøver:

Det vart avvikla idrettsmerkeprøver på Blakset skule 20.sep.2001. Tilskipinga var utlyst i "Fjordingen". Berre 6 personar har gjennomført prøvene i meldingsåret. Av desse er det 4 menn og 2 kvinner. Det låge talet er eit forsterka signal om den fallande interessa som har vore for idrettsmerket siste åra. Men gruppa vil og ta sjølvkritikk på at det ikkje vart tillyst fleire prøvekveldar.

### Utmerkingar:

I meldingsåret har Torbjørn Fjellvang oppnådd kravet til veteranstjerne ( som vert tildelt for kvart 15. poeng over heidersteiknet).

Utmerkingar for 2000 vart utdelt på årsfesten 2001.

For idrettsmerkegruppaa  
Arne M Sølvberg

## 4.8 RIDEGRUPPA

# Ridegruppaa i 2001

2001 var 1.året vårt med eindele aktivitet. Vi har arbeidd mykje med ridebana vår og har ridd mykje! Dessverre vart den planlagte Åpen Stall –dagen vår avlyst etter pålegg frå veterinær, grunna fjorårets fare for smitte av munn-og klov-sykja. Men vi vil prøve igjen i år.

### Aktivitetar i 2001:

- Ridetrening januar, februar, mars med Hege som instruktør, i kveld i veka.
- Bygt gjerde på bana.
- Distansetrening i april, mai og juni, førebuingar til 2-dags tur frå Polfoss til Lom.
- Lomtur 22-23 juni
- Deltok i nærorienteringsløp på Bergset. Trass i elendige tider fekk vi stor merksemd, fyrst i Fjordingen, og seinare i Fjordhesten (medlemsavisa for medlemmar i Norges Fjordhestlag) der ride-orientering vart føreslått som nytt satsingsomåde!
- Avslutning ved Sagedammen for Stryn og Markane Barneidrettsskule.
- Kløving med hest til Kaffi på Kvalen.

I tillegg har vi sett opp lys på bana, men desse vart ikkje kopla til før 2. veka i januar.

## Innkjøp/utgifter i 2001

<b>Innkjøp</b>	<b>sum</b>
Lys	5059.00
Kabel til lys	ca 2000.00
12 kjegler til avmerking av bana	399.50
<i>Totalt</i>	<i>7459.00</i>

## Inntekter 2001

<b>Inntekter</b>	<b>Sum</b>
Idrettsskule Vetem	1000
Idrettsskule Hardbagg	400
Idrettsskule Stryn/Markane	900
Kakelotteri	1375
Kaffi på Kvalen	1600
<i>Totalt</i>	<i>5275</i>

## Aktivitetar i 2002:

Vi hadde møte i ridegruppa onsdag 9.januar, der vi planla aktivitetane for 2002.

- Ride/stall-kurs i januar og februar. Kurset er starta, 3 11-åringar går på kurs 2 ettermiddagar i veka. Kurset går over 2 månader, og dei som er med vil vere kvalifiserte til å ta rideknappen etter endt kurs.
- Ride/Stallkurs for vaksne i mars og april.
- Trening for vidarekomne i januar-mai: Vi trenar 2 kveldar i veka. Eine kvelden rir vi for rideinstruktør. Anne Elin XX
- Gymkhana konkurranse. Som avslutning på ridekurset vil vi ha Gymkhana konkurranse for dei som er med i stallkurset og dei som er med og trenar.
- Påska: Open dag der alle kan vere med!
- Siste onsdagen i mars: Dressurkonkurranse
- Siste onsdagen i april: Sprangkonkurranse
- April: Avslutning for barneidrettsskulen i Loen ved Sagedammen
- Mai: Avslutning for barneidrettsskulen Stryn/Markane ved Sagedammen.
- Siste helga i juni: Langtur på fjellet.
- September: Langtur over Holmøyskaret. Todagars tur med overnatting i Markane.

<b>Planlagde inntekter</b>	<b>Sum</b>
Kakelotteri	1000
Ridekurs for vaksne i mars/april	900
Open dag(Påska)	2000
Idrettsskule	1500
<i>Estimerte inntekter i 2002</i>	<i>5400</i>
<b>Dette treng vi</b>	
Hinder(hindepakke) til sprangridning	12000
Bokstavar til ridebana 8 bokstavar à 70	560
Grus/masse til ridebana	5000
<i>Estimerte utgifter</i>	<i>17560</i>